

## Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 223, FA - U01	15/342

Saknr	Utval	Type	Dato
009/2015	Kraftfondsstyret	PS	02.09.2015

### Nordbygda senter - søknad om tilskot frå kraftfondet til oppgradering av butikk

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak**

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

Nordbygda senter as – spar Hosteland søker om kr. 200.000 i tilskot frå kraftfondet til oppgradering av butikk.

##### Vurdering

Det er lagt opp til store investeringa og oppgradering av kjølfrys anlegget ved butikken , og samla utgjer investering på om lag 3,5 mill.kr., og søknaden innber om lag 6% støtte av investeringen. Søknaden er innafor føremål og beløpsgrenser for retningslinene og vedtektene for kraftfondet.

Ein har vore forsiktig med tilskot gjennom kraftfondet til butikkar, for å hindre konkurransevridning og normalt har tilskot vore avgrensa til 40.000,- og støtte over denne summen gitt som lån.

##### Fakta

Viser til søknad og sakstilfang

Nokre sentrale forhold saksa frå vedtektene & retningslinene for kraftfondet:

##### **Beløpsgrenser for støtte gjennom kraftfondet;**

- Bedriftsutvikling kr. 40.000,-
- Investeringar kr. 200.000,-

Kraftfondet er først og fremst retta mot støtte til mindre næringsprosjekt. For større prosjekt (samla kapitalbehov utover 500.000,-) skal søker først avklare mogleg støtte gjennom innovasjon Noreg eller andre regionale støtteordningar, før kraftfondet tek saka opp til handsaming.

I tråd med § 6c i vedtektene for kraftfondet vert søker invitert inn til kraftfondestyre for å orientere nærare om prosjektet/søknaden.

Det er sett av kr. 400.000 til næringsføremål i kraftfondsbudsjettet for 2015. Dette er hovudtildelinga, og 2. tildeling er med søknadsfrist 1.nov. og handsaming i des. 2015. Samla søknadsmasse i denne omgang utgjer 467.375

### **Konklusjon**

Nordbygda senter as – spar Hosteland får tildelt tilskot med kr. x00.000 frå kraftfondet til oppgradering av butikk. Midlane står til disposisjon inntil 10.09.2017.

### **Kraftfondsstyret - 009/2015**

#### **KRFT - behandling:**

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Butikken fell utafor andre offentlege støtteordningar/Merkur, og dette vert vektlagt, samt storleiken på investeringa, slik at kraftfondstyret fann grunnlag for å støtte prosjekt i tråd med søknad.

Framlegg til vedtak frå kraftfondsstyret:

Nordbygda senter as - Spar Hosteland får tildelt tilskot med kr. 200.000.- frå kraftfondet til oppgradering av butikk. Midlane står til disposisjon inntil 10.09.2017.

#### **Røysting:**

Framlegg til vedtak frå kraftfondsstyret vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

#### **KRFT - vedtak:**

**Nordbygda senter as - Spar Hosteland får tildelt tilskot med kr. 200.000.- frå kraftfondet til oppgradering av butikk. Midlane står til disposisjon inntil 10.09.2017**